



KOH/

04. jan 2022

Miljødirektoratet

Svar på høringa om endring i forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall frå skip og forskrift om miljømessig sikkerheit for skip og flyttbare innretningar.

Fiskebåt viser til Miljødirektoratet si høring om forslag om endring i forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip, og forskrift om miljømessig sikkerheit for skip og flyttbare innretningar datert 7. oktober 2021. Høringa er basert på tilrådingar til forskriftsendring frå Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet. Bakgrunnen er EUs nye skipsavfallsregulativ (EU 2019/883) som blei vedtatt 17. april 2019.

I høyringsskrivet tilrår Miljødirektoratet i samarbeid med Sjøfartsdirektoratet at fiskartøy og fritidsfartøy ikkje lenger skal ha fritak frå ordninga om eit generelt avfallsgebyr, og at det generelle avfallsgebyret skal betalast uavhengig om ein leverer avfall i hamna eller ikkje. Gebyret skal dekke mottaksordningar i hamn både for oppfiska avfall samt avfall generert frå fartøya. Hensikta med eit generelt avfallsgebyr uavhengig om ein leverer avfall eller ikkje er at det skal fungere som eit insentiv til å levere avfall til mottaksordningar i hamner for å førebygge marin forsøpling sidan det då ikkje vil løne seg å kaste avfall over bord. Forslaga frå direktorata betyr i så fall at fiskefartøy skal betale eit generelt avfallsgebyr i staden for å betale eit gebyr for levert mengde avfall. Fiskebåt vil bemerke at det er særskilt høg merksemd omkring viktigheita av å bringe alt avfall til land i fiskeflåten, og at bevisst utkast neppe lenger er eit problem. Fiskebåt er likevel positiv til intensjonen bak endringsforslaget, som er å førebygge marin forsøpling meir effektivt, men er oppteken av at ordninga må innrettast på ein kostnadseffektiv måte med minst mogleg rapporteringsplikt. Fiskebåt har difor berre kommentert dei delane av endringsforslaget som vi anser vil ha implikasjonar for fiskeflåten.

Til §20-7 - 20-8a

Når det gjelder meldeplikten for fartøy over 45 meter med bruttotonnasje 300 eller meir om avfall til ankomsthavn etter §20-7 har Fiskebåt ingen innvendingar. Registrerer at det er rom for å melde inn avfall til ankomsthavn under 24 timer i forkant dersom denne ikkje er kjent tidlegare, samt at meldeplikten ikkje gjelder ved oppankring og ved reine bunkringshamner. Fiskebåt har heller ingen innvendingar mot §20-8, eller §20-8a kring avfallskvittering og krav om rapportering av denne til SSN Norway. Fiskebåt er også positiv til at ein går vekk i frå plikta til å fylle ut avfallsmeldinga på engelsk.

Til § 20-9 – 20-11

Fiskebåt er positiv til at oppfiska avfall inkluderast i berekningsreglane for avfall omfatta av MARPOL, og at kostnadane ved dette avfallet dekkes gjennom eit generelt avfallsgebyr og ikkje gjennom levert mengde. Fiskebåt er også positive til at gebyret skal reduserast for dei hamnene som har nasjonale eller regionale finansieringsordningar for handtering av oppfiska avfall. Fiskebåt meiner også at det er riktig å hensynta at delar av fiskeflåten har egne avfallshandteringsordningar om bord på skipa som sortering, forbrenning etc., noko som reduserer avfallet og ergo gir lågare gebyr i henhold til § 20-11.

Direktorata føreslår også å fase ut Fishing For Litter ordninga. Dette fordi ordninga føreset separat levering av oppfiska avfall frå fiskefartøya sitt eigenproduserte avfall, noko direktorata ser på som tidkrevjande, i enkelte tilfelle vanskeleg å skilje, samt relativt tungt og kostbart administrativt. Ein føreslår difor å inkludere oppfiska avfall i ordninga for generelt avfallsgebyr for å effektivisere systemet sidan dette vil vere rimelegare og enklare og administrere. Ei inkludering av kostnadar til handtering av oppfiska avfall i det generelle avfallsgebyret vil i følge Miljødirektoratet sikre meir like vilkår mellom alle hamner som har anløp av fiskefartøy. Avfallsgebyret skal ergo differensierast ut frå tilbodet til mottaksordningar og det skal ikkje overskride den faktiske kostnaden hamna har med å handtere og administrere avfallsmottaket.

Fiskebåt er generelt positive til at det generelle avfallsgebyret skal fastsettast til sjølvkost for mottakshandteringa, samt differensieringa i henhold til §20-9 a,b,c. Differensiering basert på mottakstilbod, samt at dette er heilt opp til den enkelte hamnesjef å fastsette kan bety dyreare gebyr dess mindre mottakstilbod hamnene har i startfasen. Årsaka er at desse hamnene vil vere avhengig av store investeringar for å finansiere dei nye krava, ombygging, ekstern hjelp for avfallshandtering etc. Fiskebåt er av den oppfatning av at hamner som per tidspunkt har ein veg å gå for å bli fullverdige mottaksanlegg for avfall i henhold til dei krava Miljødirektoratet ser føre seg etter §20-5 i forureiningsforskrifta vil ha dyrare sjølvkost for mottakshandtering i startfasen av dette nye endringsforslaget.

Fiskeflåten har over lang tid gjort eit viktig arbeid med å plukke opp og føre i land eigarlaust marint avfall. Det kan vere avfall frå andre fiskefartøy eller skipsfartøy, frå tidlegare generasjonar, frå andre kildar enn fiskeri og ikkje minst er ein del avfall frå andre nasjonar. Dette har kosta både tid og pengar, og er et arbeid fiskeflåten har gjort på vegne av Noreg og det norske samfunnet.

Fiskebåt meiner at staten bør bidra med økonomisk støtte til dette arbeidet, utover den støtte som allereie ligg i arbeidet med å rydde opp innrapportert tapt fiskereiskap. Dette arbeidet vil koste betydelig meir enn oppryddingstoktet som gjennomførast ein gong i året. Vi meina det vil være meir riktig at kostnaden med opprydding bør delast gjennom eit spleiselag mellom fiskeflåten, resten av skipsfarten, hamnene og staten. For eksempel vil ei utfasing av Fishing for Litter ordninga kunne frigjere årlege midlar til ei slik tilskotsordning. Det bør heilt klart vere muleg å finne ein ordning på dette som inneberer lite eller ingen administrative kostnader.

Hamnene kan vidare sjølv velje å fakturere per anløp, som årsgebyr, sesonggebyr eller liknande, noko som igjen vil føre til store skilnadar mellom korleis dette blir praktisert frå hamn til hamn. Fiskebåt meina at det i det minste hadde vore fordelaktig med ein fast praksis for samtlege hamner. Etter Fiskebåts oppfatning hadde uansett beste løysing vore eit fast årleg generelt avfallsgebyr til staten per flåtegruppe, og der dette gebyret var basert på sjølvkost for



mottakshandtering av samla innmeldt avfall året i forkant justert for forventta vekst. Inntektene får dette gebyret kan vidare fordelast utover hamnene etter forventta årleg avfallsmengde for kvar hamn.

Dette nye endringsforslaget er førespegla å koste fiskeflåten mellom 5,9 og 7,5 millionar årleg. Basert på eit antall fiskefartøy på 5947 fartøy vil det tilseie i snitt mellom 1000 og 1400 kroner i meirkostnad per fartøy i året. Fiskebåt meiner dette er ein akseptabel meirkostnad, men tvilar på at meirkostnaden for oppbevaring, transport og handtering av marint avfall vil være så lav når alle fiskerihamner skal ta imot, og ikkje berre dei ni hamnene som omfattast av Fishing for Litter ordninga. Dersom kostnadene viser seg å være mykje høgare enn det som er førespegla og presentert i høyringsbrevet, meiner vi igjen det blir viktig at staten kommer inn som støttespelar.

Fiskebåt reiknar vidare med at det er ei utrekning som er basert på at alle fiskerihamner har eit mottakstilbod som er i tråd med dei nye krava etter § 20-5 - 20-6. I startfasen av den nye ordninga med generelt avfallsgebyr vil dette truleg ikkje vere tilfelle, og Fiskebåt fryktar at sjølvkost for mottaks-/avfalls- handtering hjå enkelte hamner kan difor bli vesentleg dyrare enn førespegla. Dette synast også å være tilfellet, slik det er presentert i Miljødirektoratet sitt skriv med ref. 2017/2940 der grunnlaget for utrekningane kjem fram. I dokumentet framstår kostnadsbiletet for oppgradering av fullverdige mottakstilbod i hamnene å vere -undervurdert. I tillegg kan utbetringane medføre visse forseinkingsutfordringar. Dette kan føre til både ekstra kostnader, og ekstra ulempe for fiskeflåten. Det er difor avgjerande at staten er med som bidragsytar, jamfør Fishing For Litter, for å halde kostnadane nede i tråd med utrekningsgrunnlaget.

I samband med høyringa hadde også Fiskebåt forventta at ein i berekningsgrunnlaget for det nye generelle avfallsgebyret viste kva avgiftsnivået omtrentleg ville ligge på for dei ulike fartøygruppene, sidan gebyret skal differensierast også på fartøystørrelse. Det er vanskeleg å kome med eit høyringssvar på vegne av våre medlemmer når ein ikkje anar nivået på det nye avfallsgebyret.

Fiskebåt er på generelt grunnlag positiv til alle ordningar som har som formål å førebygge marin forsøpling samt legge til rette for auka ombruk og materialgjenvinning. Fiskebåt viser samtidig til eit auka avgiftspress som følge av «nye» avgifter som kontrollavgifta og den vedtatte fiskale avgifta, samt auka Co2 avgift. Så sjølv om ordninga har gode intensjonar er det ein føresetnad at dei gjeldande avgiftsberekningane er i tråd med verkelegheita også etter endringsforslaga er implementert. Fiskebåt og fiskeflåten ynskjer ikkje nye negative overraskingar på avgiftssida.

Venleg helsing

FISKEBÅT

Audun Maråk

Kay Ove Hafsås

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift.